



Wilfred Berthelsen  
Ådlandsvegen 661  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1312 - 14/3883

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
19.03.2014

## Godkjenning- Frådeling av parsell til naustetomt- på Gaustad- gnr. 36 bnr. 1

**Administrativt vedtak. Saknr: 57/2014**

### Saksutgreiing:

Wilfred Berthelsen har i søknad stempla inn 10.06.2013 søkt om frådeling av ein parsell til naustetomt på Gaustad, gnr. 39 bnr.1. Parsellen ligg rett nord for tidlegare frådelt naustetomt og er omsøkt ca 100 m2.

Forut for søknad om deling er det i Utval for drift og utvikling, sak 13/ 928, godkjent søknad om dispensasjon frå frådeling og bygging i 100- meters beltet til sjø og til frådeling og bygging i LNF – område. Vedtaket er ikkje påklaga og frådelingssøknaden kan no handsamast etter Pbl § 20-1.

I godkjenninga av dispensasjonen er det satt vilkår om at tomta kan vera inntil 80 m2 og at parkering/ oppstilling av bil skal vera i samsvar med erklæring dat 19.12.2013 i tillegg til nokre vilkår som vedkjem bygging på tomta.

Naboar er varsla men ingen merknader er registrert.

### Vurdering:

Dispensasjonsvedtaket gjev grunnlag for å handsama søknaden etter pbl § 20 -1 bokstav m.

Det er vedlagt erklæring som tilviser parkering/ biloppstillingsplass for eigar av naustet. Denne retten skal tinglysast ved oppretting av tomta. I tillegg må tomta sikrast naudsynt vegrett over gnr, 39 bnr. 3, bnr. 35 og bnr.1 fram til parkeringsplass og vidare gangveg fram til naustetomta.

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, søknad om oppretting av 1 parsell på inntil 80 m<sup>2</sup> til naustetomt, frå gnr 39 bnr 1, etter søknad stempla inn 10.06 2013 og tilhøyrande situasjonskart med same dato.

Ved oppretting av den nye parsellen må rett til parkering/ biloppstillingsplass sikrast ved tinglysing, samt at eigedommen sikrast naudsynte tinglyste vegrettar frå offentleg veg og fram til tilvist parkeringsplass, samt gangrett frå parkeringsplass til nausttomta.

Endelegre grenser for parsellen vert fastsett ved oppmålingsforretninga.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, jfr pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova §28, jfr vedlagt skjema. »

## Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

### Mottakere:

Wilfred Berthelsen

Ådlandsvegen 661 5918

FREKHAUG